

Sønstelid - Sørليا (gnr. 117)

Sørليا ligg som grannegardane Kolberg og Tråset i det gamle bygdelaget Stranda. Det var ei grend som både når det galdt fiske, og samferdsel kom tidleg med og fekk eit variert næringsliv.

Når det gjeld Sørليا finn ein garden omhandla i Akershus lensrekneskap for året 1621-22. Der er det fortalt at ein mann frå Fåberg av namn Gregorius Andersen fekk 1. Bygsel på "en ødeplass Sønsteli som nylig er lagt til landgilde til Kronen, 2 skinn." I bygselpengar betalde så Gregorius med det same 1 ½ dlr. og 16 skilling. Tri år seinare svara han dei bygselpengane som vart kalla "halding" eller "3 års tage" med 8 skilling. I 1630 er namnet på brukaren skriva Gregorius Sønstelid, og han svara da den utlikna Leiglendingsskatten med 1 dtr., som var det vanlege for dei som hadde ein "Ødegard". Gregorius Sønstelid var framleis bonde på garden ved innbetalinga av Kopskatten 1645. Han betalde da skatt for 1 Mandfolch og 2 Quindfolch, og det er opplyst at den eine av dei to var kona hans. Namnet Gregorius var elles ikkje så reint uvanleg i den tid. Ein av brukarane på Jørstad heitte og Gregorius i år 1645.

Men i 1657 hadde det atter vore brukarskifte, og den nye husbonden er kalla Arne Sønsteli. Det går elles fram at både Gregorius og Arne måtte vera dugande gardbrukarar; for husdyrhaldet på Sønsteli var da auka til: 1 hest, 2 hopper, 8 naut og 10 sauer. Etter Mannkjønnsmanntallet av 1665 går det vidare fram at dei vaksne mannfolk i Sønsteli da var: 1. Gregorius Andersen, som da var 99 år og låg i "qværleie" (lag alltid), 2. Arne Knutsen, som var 47 år og eigar og brukar av garden, 3. Jacob Vikværing, "en landstryger 20 år".

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Sønsteli fortalt at landskylda av garden da var høgda til 1 hud ell. 1 ½ pund 4 merker smør, og at garden framleis var "Kongens", så brukaren Arne altså enda var bygselbonde eller leiglending. Buskapen av store husdyr var da 2 hestar og 10 naut, og korntienda vart utreidd med 2 tønner bygg, som altså svara til ei årsavling på 20 tønner. Det er vidare opplyst at det var skog nok til gards bruk og seter og sommararbeite åt krøtera på Svesetra. Elles er det og oppgitt at det var ein liten humlehage i Sønsteli, og at garden hadde eiga kvern, som det vart svara årleg avgift av

Ti år seinare er det i 1678 fortalt at brukaren i Sønsteli da heitte Paul, og at dei faste årlege utreidsler av garden i den tid var landskylda 2 hus og dessutan 2 ½ dalar i pengar. Av "Rulle over Gudbrandsdalens fogderies soldaterlægder 1693" gå det vidare fram at tenestkaren på Sønsteli, Lars Rasmusen, 22 år, var vernepliktig soldat.

Litt meir om storleiken på garden i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om Sønsteli fortalt at garden ligg i sollia, men var tungbrukt. Buskapen på garden var da 2 hestar, 12 naut, 12 sauer og 6 geiter, og den årlege utsæden av korn utgjorde kring 4 tn. bygg og litt rug. Det var skog til brenneved og gjerdefang, seter med berre måtelig hamn og utslåttar til 3 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 20 lass. Endeleg er det og opplyst at det da var ein husmannsplass med brukande jord til Sønsteli. Den største endring frå før var sikkert elles at den nye brukaren der, Erik Christensen, hadde fått skjøte på Sønsteli og var dermed vorte både eigar og brukar av garden sin.

Erik Christensen fødd 1676 var gift med Kjersti Olsdtr., og dei hadde 3 søner. Det var: 1. Kristen f. 1720, 2. Ole, 3 Thomas. – I 1748 var det eldste sonen Kristen Lien, som han da er kalla, som hadde tatt over som husbonde og brukar på Sønsteli.

Same året, altså i 1748, fekk han etter søknad bevilling til å rydde seg ei ny seterlykkje på Svesetera, og denne bevillingsseddelen tek vi her med i utskrift av tingboka:

”Sønsteli.

Bevillingsseddel dat. 16. septbr. 1748 tgl. s.d.

Da Christen Eriksen Sønsteli har angitt at efter hans bevilgning på Svee Sætterløkken i almindingen dat. 16. Septbr 1742 har han allerede så ryddet og forbedret at derav 1 les hø mer til Jordebokens forbedring kan ydes og betale, så bevilges han nu av foged Chr. Pram en rydning som skal bestå i en liten innhegnet løkke beliggende vesten for sæterhusene. I denne hans rydning må ingen prejudicere ham likesom han heller ikke må prejudicere nogen i hva de er likesåvel tilberettigede.”

Christen Eriksen f. 1720 var gift med Sigrid Halvorsdtr. Kval f. 1728, og dei fekk desse borna: 1. Kjersti f. 1751, død 1767, 2. Halvor f. 1755, død 1799, 3. Anne f. 1758, 4. Mari f. 1761, død 1782. 5. Thomas f. 1764, død 1767, 6. Erik f. 1767.

År 1751 er bruket ”Schvalebech” under garden Sønsteli omhandla. Erik Christensen Sønsteli gav da bygseddelen til Christen Baardsen på ”en hans gård Sønsteli til og underliggende husmannsplads Schvalebech neden gaarden Sønstelies enger ved elven beliggende.”

Frå året etter ei tinglyst sak som etter utskrift er bokført slik:

”Sønsteli.

Tgl. 19. Juni 1752.

Den 14. April 1752 var de tre brødre Christen, Ole og Thomas Erikssønner Sønsteli av Fåberg prestegjeld forsamlede på Sønsteli for å motta hva deres foreldre Erik Christensen og Kirsti Olsdatter efterlater sig. Først blev formuen av løsøre og rede penge delt mellem dem likt, og så blev fastgodset gården Sønsteli skyldende 1 hud taxeret for 200 rd. delt, så hver av dem tilfaldt 4 skind for 66 rd. 2 ort 16 s. Den eldste bror Christen Eriksen overtar dette, mot at han betaler hver av sine brødre 66 rd. 2 ort 16 s. Han skal svare sine foreldre føderåd for levetid.”

Husfrua på Sønsteli i denne tid, Sigrid Halvorsdtr., f. Kval, døde i 1768, og husbonden Christen Eriksen gifta seg i 1769 oppatt med Marte Kristofersdtr. f. 1723, men dei fekk i sitt ekteskap ingen barn. I skifte etter husfrue Sigrid Halvorsdtr. i 1769, finn ein gardnamnet for første gong skrive ”Sørlien”.

”Sørlien” er garden kalla også ved skiftet etter husbonden Christen Eriksen i 1775. Arvingane ved dette skiftet var forutan eldste sonen, Halvor Christensen f. 1755, den einaste søstera som da var i live, nemleg Mari Christensdtr. f. 1761.

Halvor Christensen f. 1855 gifta seg i 1780 med Guro Johannesdtr. Nordre Tråset f. 1758, og dei fekk i sitt ekteskap mange born. Dei var: 1. Sigrid f. 1780, gift 1802 med Peder Johansen Bakke, 2. Marte f. 1783, 3. Kristen f. 1785, død 1789, 4. Sessel f. 1787, gift 1810 med Ole Pedersen Kindlien, 5. Beret f. 1790, g. 1820 m. Ole Svensen Kasterudengen, 6. Mari f. 1793,

7. Kristense f. 1796, død 1801, 8. Kristen f. 1789, død i smittsom barnesjukdom så å seia samtidig med søstera Kristense i 1801.

Men i 1799 var husbonden Halvor Christensen død, og det var avsluttande skifte etter han på "Sørlien i Faaberg" den 3. mai s.å. Ved dette skiftet vart garden Sørlien taksert for 400 rd., og arvebuet utgjorde brutto 980 rd. og netto 408 rd. Arvingane var forutan enka Guro Johannesdtr. dei 7 av borna som da var i live.

Etter dette budde det ved folketellinga i 1801 to familiar på og/eller ved (etter manntalet): "Sønstelielie". Det var:

1. Familie: 1. Guro Johannesdtr., husmoder, 43 år, 2. Christen Halvorsen, sonen hennar, 2 år, 3. Sigrud Halvorsdtr. dottera hennar, 21 år, 4. Marta Halvorsdtr., 18 år, 5. Sidsill Halvorsdtr., 15 år, 6. Mari Halvorsdtr., 8 år, 7. Berit Halvorsdtr., 11 år, 8. Christence Halvorsdtr., 5 år, 9. Ole Thostensen, tenestkar, 28 år, 10. Iver Madsen, tenestkar, 17 år, 11. Martha Christophersdtr., føderådskone, 78 år, 12. Mari Evensdtr., legdkone, 80 år.
2. Familie: 1. Christen Nielsen, husmann med jord, 32 år, 2. Barbro Endresdtr., kona hans, 37 år, 3. Ingeborg, dotter deres, 1 år, 4. Anne Endresdtr., "Inderst ernærer sig med haandarbeide", 43 år

Som alt nemnt før gjekk det same året ein farleg smittsam barnesjukdom over bygda, og i Fåberg døde det da 11 born i tida frå 19. til 29. oktober d.å.

Enka Guro Johannesdtr. brukte garden Sørlielie sjølv til i 1803, da ho med lagverge skjøta garden til svigersonen Peder Johansen Bakke. Kjøpesummen for garden var da 499 rd. og dessutan føderåd til seljaren resten av levetida. Den nye husbonden, Peder Johansen Bakke hadde i 1802 gifta seg med Sigrud Halvorsdtr. Sørlielie, og dei fekk i sitt ekteskap 3 born: Det var: 1. Karen f. 1803, 2. Johan f. 1805, 3. Kristen f. 1809.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om "Lien Søndre" fortalt at buskapen av store husdyr da var 3 hestar og 16 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde kring 56 tønner. Det er vidare oppgitt at det da var 2 husmannsplasser til Sørlielie.

Same året er i 1819 "Sørlielie sag" omhandla. Peder Johansen Sørlielie la da på eigne vegne og vegne av Ole Kolberg og Christen Nørstelielie fram melding om ei synfaring og skjønnsforretning som var helde der ved saga den 8. desbr. f.å. Dei valde lagrettesmenn bekrefte at skjønnet var utført i samsvar med oppdraget. Etter ordlyden i meldinga var det i den tid truleg slik at dei 3 grannane Peder Sørlielie, Ole Kolberg og Christen Nordlielie åtte denne saga isaman.

Nettopp i den tid var skrivemåten av gardnamnet særst ustø. Ved skiftet etter føderådskona Guro Jonsdtr. i 1834 vart såleis namnet enda skrive Sønstelielie, og det er vidare opplyst at skiftebuet utgjorde brutto 175 rd. og netto 152 rd. Arvingane ved skiftet var da døtrene: 1. Sigrud Halvorsdtr., da husmor heime i Sørlielie, 2. Sidsel Halvorsdtr., da husmor i Kindlielie, 3. Beret Halvorsdtr., da husmor på Ravneberg, 4. Marte Halvorsdtr., som da var enke, 5. Mari Halvorsdtr., som var umyndig.

Ved matrikuleringa i 1838 fekk gardane ny matr. skyld omrekna og justert i skylddalar ort og skilling. "Sønstelielie", som namnet er skrive der, fekk da som ny matrikkelskyld: 6 dalar 1 ort 8 skilling, som var nett det same som på grannegarden Kolberg. Men i mellomtida hadde

sonen i Sørlien, Johan Pedersen f. 1805 tatt over og var vorte eigar og brukar av ættegarden Sørlia.

Den nye husbonden Johan Pedersen Sørlien hadde i 1835 gifta seg med Johanne Torgersdtr. frå Jørstad, og dei fekk i sitt ekteskap fleire born. Det var: 1. Sigrid f. 18362. Peder f. 1839, 3. Kari f. 1842, 4. Ingeborg f. 1844, 5. Thea f. 1848.

Johan Pedersen Sørlien var framleis eigar og brukar av garden i 1854. Det går da fram at han var med ved utskiftinga av skogane i Fåberg Vestfjell. Utskiftinga vart avslutta den 4.april og tinglese den 19. Juni 1854.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om "Sørlien" oppgitt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde ca. 280 mål, og av dette var 68 mål jord av 1. Klasse. Samtidig er det opplyst at husdyrhaldet i Sørlien med husmannsplassar tilsm. utgjorde 3 hestar, 17 storfe og 26 småfe, og den årlege utsæd på sjølve garden Sørlien og plassane var kring 11 tønner korn og 10 tønner settepoteter.

Sju år seinare skjøta i 1872 faren Johan P. Sønsteli garden Sørlien til sonen Peder Johansen f. 1839 for kjøpesum 900 spd. + eit føderåd verdsett til 300 spd.- Året etter var det i 1873 ei skylddelingsforretning i Sørlien, og eit skogstykke i Auggelia vart fråskilt garden og selt til skogspekulantane Jacob Woxen og Mathias Gustum. - Av 1879 er ei tinglese erklæring om å avstå grunn til den nye hovudveigen frå Vingnes til Storbrua.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Sønsteli, som garden også da er kalla, fekk da som nytt gardsnr. Nr. 117, med ei samla matrikkelskyld på 10,46 mark, og det var da 2 bruksnr. under gardsnr. 117 Sønsteli. Det var: 1. grn. 117, brn. 1 Sørlien av skyld 9,97 mark, som framleis Peder Johansen var eigar og brukar av, 2. grn. 117, brn. 2 skog i Uggelirn, skyld 0,49 mark, som altså Jacob Woxen og Mathias Gustum hadde tilhandla seg.

Ved kommunevalet i 1901 budde det etter dette 5 personar med røysterett i Sørlien. Det var: 1. Gardbrukar Peder Johansen Sørlie, 61 år, 2. Husmor Ida Kristensdtr. Sørlien, 38 år, 3. Inderst Simen Pedersen Sørlien, 83 år, 4. Inderst Hans Pedersen Sørlien, 80 år, 5. Gardbrukarson Johan Pedersen Sørlien, 25 år.

Av handlar i seinare tid med Sørlien eller parsellar av garden tek vi elles med at i 1908 gav husbonden Peder Sørlien skjøte til sonen Johan Pedersen på grn. 117, brn 1 Sørlien og dessutan på grn. 118, brn 7 Nordlien av skyldm0,30 mark og dertil ¼ av grn. 184, brn. 5 Lissanden Fiske for samla kjøpesum kr. 15 000,- og føderåd av 5- årleg verdi kr. 2 250,-.

Johan P. Sørlien og kona hans, Sigrid Sørlien f. Stubberud brukte så garden til i 1929, da dei skjøta til sonen Per Sørlien f. 1909. Fem år etter overtakinga selde så Per Sørlien i 1934 grn. 117, brn. 3 Sørlieringen av skyld 0,05 mark til Johan H. Lishagen.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det likevel framleis berre eitt bruksnr. under grn. 117 med eit samla jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 117, brn. 1 Sørlien, med eit jordbruksareal på ca. 105 mål, som Per J. Sørlien var eigar og brukar av.